

Kvinnherad vidaregåande-avdeling Valekrossen

Skuletilbod:

Kvinnherad vidaregåande skule, avdeling Valekrossen, er eit skuletilbod for ungdom med psykiske vanskar (elevar som har ein behandlar i psykisk helsevern). Det er eit tilbod for dei som ikkje får utbytte av undervisninga på ordinær skule, og som søker individuell behandling i opptaket. Ved Valekrossen kan du fullføra heile, eller delar av, vidaregåande opplæring. Omfanget kan variere frå 2 til 22 timar pr veke. Tilbodet ved Valekrossen er definert som eit delkurstilbod.

Meir informasjon om [Inntak etter individuell behandling | Vidaregåande opplæring - vilbli.no](#) finn du her.

Vi tilbyr plass til elevar med ungdomsrett til vidaregåande opplæring. Her kan du fullføre fag du manglar frå vidaregåande opplæring, frå Vg1,Vg2 eller Vg3. Elevane kan oppnå studiekompetanse.

Me har fokus på trygt læringsmiljø i små grupper, gode relasjonar og meistring.

Søknadsfrist til Valekrossen er 1. februar 2026.

Alle som søker skuleplass på Valekrossen må ha ein behandlaruttale.

Med behandlar meinast her BUP, DPS, fastlege eller annan sosialmedisinsk instans.

Behandlaruttale

Uttalen må seie noko om:

- Utfordringar som er grunnlaget for søknaden.
- Søkjaren si faglege og sosiale funksjonsevne.
- Søkjaren sine hjelpetiltak tidlegare (type, omfang og erfaringar).
- Søkjaren sine behov i vidaregåande skole (fagleg og sosialt)

Du søker slik:

1. Du søker via [Vigo](#). Vel Kvinnherad vidaregåande, Valekrossen.
2. Det søkjast kun om plass til 1. febr. Fag søkjast om seinare i prosessen, under ein samtale mellom rådgjevar og deg som søker.
3. Fyll ut *Vedlegg for søknad 1.februar*, og last opp behandlaruttalen som eit vedlegg.

Vedleggskjema ved søknad 1.februar



Alle som søker 1.februar må fylle ut vedleggskjema og søkje i Vigo

☐ Søkjar som av andre særskilte grunnar må behandlast individuelt (forskrift til opplæringslova §6-25)

Du finn skjemaet her:

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/soknad-inntak/skjema> under fana
Vedleggsskjemaer for søknad 1.februar

Les [her](#) for meir informasjon om søknadsprosessen.

For opptak etter 01.02, sjå side 3

Meir informasjon om Kvinnherad vidaregåande skule finn du her:

<https://www.kvinnherad.vgs.no/>

Undervisninga

Undervisninga på Valekrossen er rekna som tilpassa opplæring. Dersom du har behov for spesialundervisning kan rådgjevar hjelpe deg med til tilvising til OT/PPT – hugs å ta med deg MINID på skulen. [Søk om tilvising og samtykke](#)

Skuleskyss

Tilrettelagt skuleskyss:

Treng du drosje til og frå skulen må du ha legeerklæring frå behandlar. Dette skjemaet får du ved å kontakta rådgjevar for Valekrossen [eller i denne lenkia](#).

Når skulen har fått tilsendt legeerklæring bestiller skulen skyss.

Treng du ordinær skuleskyss søker du på skyss sine sider.

[Les meir her](#)

Elev PC

[Les meir om elev PC og IT tenester](#)

Utlån av lærebøker

Alle som skal låna lærebøker må ha nasjonalt lånekort. Elevar som ikkje har gått på vgs før, må også signere digital lånekontrakt.

[Les meir her](#)

Hybel

Elevar med plass på Valekrossen kan søka om hybel på Søsterheimen gjennom Valen sjukehus. Hybel på Søsterheimen kostar 4224 kr. Det inkluderer straum, nettverk, sengeklede og handklede, Det er ikkje lov med hund.

Kontaktperson: Torill Ersland tlf 47666652

Søknad om fritak

Når det gjeld søknader til skulen om diverse fritak, søker du no sjølv på Visma InSchool (VIS), som er Vestland fylkeskommune sitt nye skuleadministrative system.

[Logg deg inn i VIS](#)

For meir generell informasjon om Kvinnherad vidaregåande skule, [gå inn her](#).

Behandlaruttale og legeerklæring for skyss skal sendast til:

Kvinnherad vidaregåande skule

Opsangervegen 160

5460 HUSNES

Kontaktinfo:

Avdelingsleiar: Hanna Haugan Solheim, Tlf: 47054144.

E-post: hanna.haugan.solheim@vlfk.no

Rådgjevar: Julie Holmedal Askeland, Tlf: 977 38 651

E-post: Julie.Holmedal.Askeland@vlfk.no

Opptak etter 01.02

Dersom du av ulike årsaker ikkje når søknadsfristen, tek du direkte kontakt med avdelingsleiar eller rådgjevar på e-post eller telefon. Opptak etter 01.02 frist kan vurderast i enkeltsaker.



Ved kontakt må du ha ei oversikt over kva fag du ynskjer å ta, eventuelt kva fag du har bestått tidlegare. Du må og ha klar ein behandlaruttale.

Dersom du har behov for hjelp med søknaden avtalar me eit møte mellom deg og rådgjevar ved skulen.

Søknad etter 01.02:

1. [Fyll ut Vedlegg til søknad om inntak 1.februar](#), og last opp behandlaruttalen som eit vedlegg.

Du finn skjemaet her: [ID-porten \(idporten.no\)](https://id-porten.idporten.no)



2. Kryss av for individuell behandling

VEDLEGG TIL SØKNAD OM INNTAK 1. FEBRUAR

Om søkjar Søknadskategoriar Organisering Vedlegg Innsending

Velg målform

☐ Bokmål

☒ Nynorsk

Vedlegg til søknad om inntak til vidaregåande opplæring etter individuell behandling og for elevar med fortrinnsrett

Alle vedlegg skal sendast til Vestland fylkeskommune. Bruk vedleggsfunksjonen på side 5.

Hugs: Alle MÅ i tillegg søke utdanningsprogram og skule på vigo.no

Søknadsfrist 1. februar (Rettleiing til utfylling av skjema, sjå heftet: [Informasjon om inntak til vidaregåande opplæring med søknadsfrist 1. februar](#))

Søker du med fortrinnsrett eller etter individuell behandling?

☒ Individuell behandling/minoritetsspråkelege

☐ Fortrinnsrett

Personlege opplysningar

3. Krys av i rute B

A

☐ Søkjarar til Vg1 som har rett til spesialundervisning, og som manglar vurdering med karakter i meir enn halvparten av faga (sjå forskrift til opplæringslova § 6-22)

B

☒ Søkjarar til Vg1 som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt (sjå forskrift til opplæringslova § 6-25)

☐ Søkjarar til Vg2 / Vg3 som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt (sjå forskrift til opplæringslova § 6-38)

4. Velg Valekrossen

Ønske om organisering av opplæringa:

- ☐ Ordinær klasse
☐ Tilrettelagt gruppe HT.

For søkjarar til avdeling Kyrre og til avdeling Valekrossen, kryss av følgjande:

- ☐ Eg søker Bergen katedralskule avdeling Kyrre
☒ **Eg søker Kvinnherad vidaregåande skule avdeling Valekrossen**
☐ Jeg ønsker ikke tilbud på andre skoler (dette betyr at eg gir frå meg retten til å få tilbud frå ein annan skule)

Som søkjar til Valekrossen må du registrere tre utdanningsprogram i prioritert rekkjefølgje

Registrer

5. Last opp vedlegg

VEDLEGG TIL SØKNAD OM INNTAK 1. FEBRUAR

Om søkjar

Søknadskategoriar

Organisering

Vedlegg

Innsending

Vedlegg som er sendt inn i samband med Meldeskjema 1. oktober må i år sendast på nytt på grunn av overgang til nytt saks- og arkivsystem.
Vedlegg skal lastast opp og sendast digitalt.

Det er viktig at vi får all relevant informasjon om eleven sine behov og utfordringar. Dette treng vi for å kunne tilrettelegge opplæringa på ein forsvarleg måte, og for å sikre både eit trygt læringsmiljø for elevane og arbeidsmiljø for dei tilsette. Vi ber derfor om at følgjande punkt vert inkludert i uttale frå skulen:

Behov for :

- medisinerer
- tekniske hjelpemiddel
- bygningsmessige tilpassingar
- skjerming
- Informasjon om valdeleg atferd, behov for atferdsregulering eller sinnemeistring

☒ Eg samtykkar til at fylkeskommunen kan hente inn personopplysningar om meg frå ungdomsskulen, slik at den vidaregåande skulen kan legge opplæringa betre til rette.

☐ Eg stadfestar at eg har søkt i VIGO.

Kategori

Søklarar til Vg1 som av andre særlege grunnar må behandlast individuelt §6-25

Vedlegg

1. Behandlaruttale
2. Fråsegn frå avgjevarskule
3. Halvårsvurdering (karakterutskrift)
4. Annan relevant dokumentasjon

Last opp vedlegg

Gyldige format er .doc(x), .xls(x), .ppt(x), .xml, .html, .rtf, .txt, .odt, .tif(f), .gif, .jpg, .jpeg, .png, .sosi, .dwg og beskyttet PDF. Gyldig videoformat er MP4, og lydformat MP3, PCM og PCM-basert Wave.

Innhald

Filnamn

Storleik

+ Hent nytt vedlegg

Mellomlagring

Personvernerklæring